

# ÅRSMELDING 2006

## VELLEDALEN I.L.



### SAKSLISTE:

1. GODKJENNE SAKSLISTE OG MØTEINNKALLING
2. VAL AV TO REPR. TIL Å SKRIVE UNDER PROTOKOLL
3. VAL AV SKRIVAR OG MØTELEIAR
4. ÅRSMELDING
5. REKNESKAP
6. VAL

# ÅRSMELDING – HOVUDSTYRET 2006

## **AKTØRAR:**

Atle Hole – leiar

Ove Skylstad – nestleiar

Elisabeth Urke Hjorthol – kasserar

Bastian Skogvold – skrivar

Anita L. Hole – styremedlem

vara til styret: Mette Ulvestad

Linn Tove A. Lade

Laget har siste året hatt fem styremøter. Lite, men det har i tillegg vore fleire møter der deler av styret har møtt. Eksempelvis i samband med arrangement som Konradløpet, Fetvatnet Rundt og Jubileumsmarkeringa. På ordinære styremøter vart i tillegg til hovudstyret alle gruppeleiarar, idrettsskuleleiar og 1.vara kalla inn. Mette og Linn Tove har delt på jobben som 1.vara, ei ordning som har fungert svært godt.

## **196 MEDLEMAR**

Ved årskiftet (31.des.2006) hadde VIL 196 medlemar. Ein framgang på 33 frå året før. Mykje av æra for dette går til Elisabeth, og hennar plikttru medlemsinnkrevjing. Det er verdt å merke seg at VIL i 2006 har fått fleire ressurspersonar inn i laget som tidlegare var medlem av SIL. Slike som Jan Ringseth, Olaf Øien og Terje Aurdal. Fleire er på veg. Laget hadde ved årsskiftet sju æresmedlemar (Fridtjof, Magnar, Kaspar, Karl, Bolla, Bjørg og Nils)

	0-5	6-12	13-19	20-25	26+	tot.
2002	14	51	24	1	100	190
2003	17	49	26	3	98	193
2004	15	43	29	2	98	187
2005	8	41	31	0	83	163
2006	7	62	29	4	94	196

## **ØKONOMI UNDER KONTROLL**

VIL har brukt mykje pengar i jubileumsåret. Eindel store innkjøp som sponsa treningsdrakter, idrettsskuletur, ”Stepklossar”, nye medaljar til Konradløpet, ny grill m.m gjer at vi har mindre pengar på kontoen enn vanleg. I tillegg kom ikkje salsprovisjonen vår på Ullmax-kleda vi selde i 2006 før i 2007. Viser elles til reknskapen. Vi fekk 3000 i tilskot frå Sykkylven Kommune i 2006, ca. 12000 kroner i aktivitetsmidlar (klar nedgang) Største sponsor i 2006 er Sparebanken Møre (fekk lovnad på 40 000 i 2006, men dei vart ikkje utbetalt før på jubileumsfesten, og då hadde dei vokse til 50 000).

## **AKTIVT JUBILEUMSÅR**

Jubileumsåret vart prega av stor aktivitet. Folket slutta godt opp om alle arrangement Den Store Sildedagen vart arrangert i februar, i samarbeid med Bonde-og Småbrukarlaget og Agora, med stor dekning i aviser og fjernsyn. Om lag 50 personar meir enn fyrste året. Konradløpet sprengde alle prognoser med 372 påmelde (ca 350 startande). Det vart laga film av jubileumsløpet som i 2006 var største mosjonsløpet på Sunnmøre Aktivitetsdagen som heile laget står bak samla gamle og unge til edel og truskuldig kappestrid i både tradisjonelle og nye ”idrettsgreiner”. Nyvinningen Fetvatnet Rundt samla 150 personar

trass forsiktig marknadsføring. Stor takk til Fetfolket for god mottaking! Ramstaddalsløpet vart arrangert igjen etter nokre års pause (sist i 2003) med fin innsats av mange. Deltakarar frå om lag 3-80 år. Og Førjuls messa (samarbeid med VRF) gav over 80 000 kroner brutto etter fin innsats av mange.

2006 var elles året der vi kom med på Ullmax-laget – direktosal av undertøy. Takk til Morten som ordna det!. Det er ikkje alle lag som er så heldige at dei har ein ekstra styremedlem i Sogn. Elles må vi frå Hovudstyrehald lovprise trimgruppa sin flotte jobb (sjå årsmeldinga deira), vi kan vere stolte over at idrettsskulen held koken med rekordhøg oppslutning, og at den sportslege aktiviteten er svakt aukande med Kenneth Fet sitt KM i langrenn som høgdepunkt. 2006 var året VIL igjen var representert under friidretts-KM med éin deltakar (Ellen Marie Hole-fjerdeplass, éin hundredel frå bronse) – det er lenge sidan sist. VIL fekk ca to tusenlappar i kassa etter sal av Årboka 2006.

## **BOKPROSJEKTET**

Meininga var at det skulle bli eit hefte med idrettsminner, men det har etterkvart vorte mykje stoff. Og det kjem stadig meir, så no vert det bok. Det melder seg stadig nye skribentar, og vi er heile tida på jakt etter bilete. Har du noko av interesse så kontakt Jarle Lade (bilete) Målet er at det ferdige produktet skal vere salgbart under Førjuls messa 2007

## **TAKK !!**

Tilslutt vil vi takke dei mange som vore med oss siste året. Alle som har betalt kontingent, køyrt ungar, sponsa, baka kaker, trimma, organisert og konkurrert. Takk til alle som har ”drege” folk til arrangementa våre og frakta den eldre generasjonen til og frå. Ingen er så takksame og glade for å bli inkluderte som nettopp dei. Målet vårt er å skape aktivitetstilbod til alle – og helst i lag. Skal ein dømme etter tilbakemeldingane har vi lukkast bra.

For Hovudstyret i VIL  
Atle Hole

# ÅRSMELDING – LANGRENN 2006

## **Med i gruppa:**

Pål Rune Fet  
Magne Nilsen  
Svein Arne Nakken  
Lars Inge Sæther  
Svein Hjorthol  
Atle Hole

Gruppa har hatt få møter, det går mest på muntleg kontakt. Den sportslege aktiviteten er heller liten, men vi har i alle fall to hardtsatsande utøvarar – Kenneth Fet og Svein Arne Nakken. Dei har gjort det godt

**KM-vinnar.** Kenneth Fet vann KM i klassisk stil med Skåla som arrangør i januar 2006. Berre ein utøvar frå VIL har gjort det same etter det vart fylkesskikrets, nemleg Stian Mork midt på 90-talet. Elles vann Kenneth Barnas Fjellsæterrunde, han vart nummer to i Sykkylvssprinten og det same på Bondalseidet. Den sterke innsatsen i 2006-sesongen gjorde at han kom med i treningsgruppa Storfjordlangrenn. Der var han på samling (både barmark og snø) fleire gongar i siste del av 2006.

**10. Birkebeinermerke.** Svein Arne Nakken deltok i turrenna Heiåna og Holmenkollmarsjen, begge stadar med solid innsats. I Fjellsæterrunden vart han nr. 3 i klassa. Høgdepunktet for sesongen vart likevel Birkebeinerrennet. Der han greidde merkekravet (snitt-tida til dei fem beste i klassa + 25 prosent) for tiande gong. Ein uthaldande og flott prestasjon.

Elles har vi hatt med yngre løparar både i Barnas Fjellsæterrunde, Sykkylvssprinten og Bygdameisterskapet. Desse har ikkje hatt organiserte treningar, men det er born som sleng med fordi dei synest det er greitt å gå på ski. Det var òg gledeleg å sjå at den gamle klubbkjempa, Bård Erstad, gjorde eit fint comeback med deltaking i Fjellsæterrunden og Bygdameisterskapet,

**Fjellsæterrunden.** Organiseringa kring dette turlangrennet, som sidan 1979 har vore eit fellesarrangement mellom SIL, HIL, IIL og VIL, skrantar. Det synest som det er VIL som har minst problem med sin jobb, som er i hovudsak løypa. Men vi er òg med på premieinnsamling, kioskteneste og PR. Som vanleg gjorde VIL sine folk, med god hjelp frå personell og maskin frå Skisenteret, ein stødige jobb med løypa. Ut frå slik det ser ut i skrivande stund (10.februar 07) er det rett å seie at framtida til Fjellsæterrunden er uviss.

**Løypekøyning.** Gruppa har nytta snøscooteren til løypekøyning i området ved Dalemyra. Diverre var det altfor få gonger det var nok snø til å gjere dette i 2006-sesongen. Men populært er det dei gongane det vert gjort.

**Framtida.** Langrenn kan få eit oppsving i dalen dersom det kjem lysløype på fjellet, men neppe før. Det er ein krevjande idrett som set store krav ikkje berre til utøvar, men også til støtteapparat. Og det er ikkje lenger ein rimeleg idrett dersom ein vil satse. Den nyskipa langrennsgruppa bør setje seg til møtebordet og gjere ei grundig drøfting av framtidig strategi.

For langrennsgruppa  
Atle Hole

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.  
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.  
This page will not be added after purchasing Win2PDF.